



## R-sak 8-23

### Rett klageorgan i VØR. Avklaring av ønskt løysing og prosess

#### Tilråding til vedtak:

1. Representantskapet tek til vitende at Sivilombodet finn at styret i VØR ikkje kan vere klageorgan for enkeltvedtak fatta av VØR sin administrasjon.
2. Representantskapet ber styret i VØR syte for at det vert igangsett eit arbeid med revisjon av den lokale renovasjonsforskrifta, med sikte på å innarbeide i vedtektene at der skal vere eit eige klageutval for VØR.
3. Fram til den reviderte forskrifta er på plass, skal klager på administrative vedtak handsamast av eit utval på tre personar samansett av medlemmer frå representantskapet i VØR. Når det nye representantskapet konstituerer seg på første møte i 2024, skal slikt mellombels klageutval også oppnemnast.

#### *Kva saka gjeld:*

Sivilombodet har påpeika at VØR ikkje kan ha styret som klageorgan for administrative vedtak. Representantskapet må difor ta stilling til kva ordning ein ynskjer, slik at krava vert stetta. Det må også takast stilling til kva slags prosess ein ynskjer gjennomført for å få dette på plass.

#### *Saksutgreiing*

Styret i VØR handsama i sak 7-23 ei klage på eit administrativt vedtak om gebyrplikt for renovasjon på setersel. Abonnetten klaga saka vidare inn for Sivilombodet, som i brev dat. 26.06.2023 svarar at dei ikkje vil undersøkje saka nærare og med det avsluttar saka.

I nytt brev frå Sivilombodet til eigarkommunane dat 06.09.2023, tek Sivilombodet på eige initiativ opp spørsmålet om VØR har rett klageorgan for handsaming av administrative vedtak. §11 i Forskrifta til VØR lyder idag slik:

#### **«§ 11.Unntak/klager – praktisering**

*Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast (forvaltningslova § 2 b og [forureiningslova § 85](#)). Klagen skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, vert den sendt til **styret for VØR, som skal gjere endeleg vedtak.***

*Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.*

*Søknader/klager skal vere grunngejevne og innehalde opplysningar om eigar, adresse, gards- og bruksnummer. **Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader/klager til styret for VØR.** Styret i VØR kan delegerer mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.»*

Sivilombodet viser i sitt brev til ei sak frå 2019 som vedkjem nettopp dette med klageorgan. Saka gjeld eit renovasjonsselskap si handsaming av ein klage på vedtak om gebyrplikt. Saka er såleis heilt parallell med den VØR her har handsama. I den saka er Sivilombodet sin konklusjon slik:

*«Ombudsmannen er kommet til at styret i et interkommunalt selskap ikke kan opptre som klagenemnd for vedtak om fritak fra renovasjonsordningen truffet av selskapets administrasjon i første instans.»*

I sjølve saksutgreiinga skriv Sivilombodet dette:

*«Selv om et renovasjonsselskap i form av et interkommunalt selskap er opprettet i medhold av lov om interkommunale selskaper, og ikke kommuneloven, jf. vilkåret i § 28 andre ledd første punktum, tilsier henvisningen til bestemmelsen i forurensningsloven § 85 andre ledd tredje punktum at det er kommunestyret som er klageinstans, eventuelt formannskapet eller en særskilt klagenemnd. Styret i NGIR kan etter ombudsmannens syn ikke anses som en særskilt klagenemnd fordi det ikke er tilstrekkelig uavhengig av NGIR. Styret i NGIR er en integrert del av selskapet. I tillegg har styret andre oppgaver enn å være klagenemnd. At styret kan ha god innsikt i saksforholdene og behandler klager på en effektiv måte, kan ikke være avgjørende.»*

Det er ut frå dette såleis liten tvil om at det må gjerast endring i renovasjonsforskrifta for Volda og Ørsta, slik at det ikkje lenger er styret som handsamar klager.

Ved val av ny løysing, er det naturleg å sjå på kva andre har og kva vi har hatt lokalt tidlegare. Fram til 2018 fanst det i VØR eit eige klageorgan som var heimla i §11 i den lokale renovasjonsforskrifta. Ordlyden som gjaldt klagehandsaming var slik:

*«Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast og skal sendast til Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.*

*Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader/klager til styret for VØR. Styret i VØR kan delegerer mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.*

***Dersom klagen ikkje vert tatt til følge av styret for VØR, vert den oversendt klageutvalet for VØR saker som skal gjere endeleg vedtak. Jfr Selskapsavtale for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.»***

Ordlyden vart imidlertid endra i 2018 i ei sak som gjalt mange ulike endringar i denne forskrifta. I saksutgreiinga står dette:

*«§ 11. Vi foreslår å ta bort dette eige klageutvalet for VØR saker, då vi berre har hatt ei klagesak til organet på 17 år. Det bør som hos Nordfjord Miljøverk vere nok med klagerett til organet som har gjort vedtaket, og til organet over det. Dvs to runder med klage.»*

Når vi i dag ser på Nordfjord Miljøverk (NoMil) sitt regelverk for klagehandsaming, kan det synast som at dei har gjort ei endring i høve til det som er referert til i denne saksutgreiinga frå 2017. NoMil har på heimesidene sine i dag eit eige infoark om klagerett på vedtak og ei skildring av korleis klagen skal handsamast. Der står det:

*«Dersom NoMil ikkje finn at klaga gjev grunn for endring eller oppheving, vil klaga samen med saka sine andre dokument, bli oversendt den særskilte klagenemnda for endeleg handsaming. Den*

*særskilte klagenemnda er oppnemnt av representantskapet i NoMil, og er klageorgan for alle enkeltvedtak som er treft av NoMil.»*

Ut frå dette framstår det som ei naturleg og tenleg løysing å gjeninnføre ei slik klagenemnd for enkeltvedtak som er treft av VØR. Slik vi har klart å finne, innebar den ordninga ein hadde fram til 2018 at representantskapet oppnemnde ei klagenemnd, og at den var samansett av eit visst tal av representantskapet sine medlemmer. Det at dette klageorganet før 2017 handsama svært få saker, tilseier at det ikkje bør ha heilt perifere og eksterne medlemmer. Det å peike ut nokre av representantskapet sine medlemmer, synest såleis å vere rasjonelt.

Ein kan alternativt sjå føre seg at klagehandsaminga vert lagt til eitt av dei andre kommunale klageorgana, t.d. klagenemnda for eigedomsskatt. Det framstår likevel ikkje som tenleg at VØR som eit interkommunalt selskap skal ha klagenemnd i den eine eller den andre (alternativt begge) eigarkommunane. VØR si rolle som sjølvstendig IKS gjer det naturleg å ha eit eige klageutval.

### *Revisjon av forskrift og mellombels løysing*

I sak 36-2022 handsama styret i VØR ei drøftingssak vedkomande forskriftsendring. Bakgrunnen var då at det er trong for fleire endringar i gjeldande forskrift. Samstundes ser ein at utforminga og detaljnivået på denne forskrifta ikkje er framtidsretta eller tenleg. I staden for å «flikke på» forskrifta slik ho ligg i dag, vart det konkludert med at det skal gjennomførast ein samla forskriftsrevisjon, der ein utarbeider ei to-delt løysing: ei meir kortfatta forskrift og i tillegg ei separat tenesteskildring, der dei operative sidene av tenestene vert fastsett. Denne forskriftsrevisjonen har det ikkje vore kapasitet i administrasjonen til å starte på enno, men i Strategiplan 2024-27 er det innarbeidd og planlagt oppstart i 2024.

I staden for å gjere ei separat forskriftsendring iht klageorgan, er det naturleg gjere det i samband med ei heilskapleg forskriftsendring. Som ei overgangsløysing der ein stettar Sivilombodet sine merknadar, vert det tilrådd å gjere vedtak om at det påtroppande representantskapet oppnemner eit mellombels klageutval.

### Vedlegg:

1. Brev frå Sivilombodet til eigarkommunane dat 06.09.2023
2. Sivilombodssak 2019-3089
  - o <https://www.sivilombudet.no/uttalelser/fritak-fra-renovasjonsgebyr-klageorgan-begrunnelse-mv/>
3. Svar til Sivilombodet frå Volda kommune dat. 15.09.2023
4. NoMil (Nordfjord Miljøverk IKS): Informasjon om rett til å klage på vedtak